



« I Nome er dei framleis opptatt av om folk er frå Ulefoss eller Lunde. Me har betre ting å ta oss til enn å krangle. »

Kommunesamanslåing har mangla i Bø, meiner Ingebjørg. Foto: Gro B. Røiland

Ørg

komplekse saker. Men eg ser fordel av eit større kom- me til dømes tilsett Nordbø. Punktet såg ho Bø, Nome som ideel- for samanslåing. na etter kvart.

refleksen seier sa- samarbeid. Men ir tvilande, og det ssen å gjera. Når sitive og det ikkje m utfordringane, k. For det er ikkje sitivt, seier Nord-

bø som mellom anna har sett på kva kommunesamanslåing har ført til i Danmark.

Motstanden frå Ulefoss har også fått henne til å tvile på at Bø, Nome og Sauherad er det beste alternativet.

– Eg er ikkje negativ til Sauherad og skulle gjerne hatt med Seljord. I Nome er dei framleis opptatt av om folk er frå Ulefoss eller Lunde. Me har betre ting å ta oss til enn å krangle, seier Nordbø.

Om ho stemmer ja, nei eller blankt 10. april, veit ho enno ikkje. Stemme skal ho, og det håper ho også alle andre bøheringar gjer.

– Eg oppfordrar alle til å stemme, seier Nordbø.



« – Er det nokon som kan stå aleine, ja så er det Bø. Men skal me finne oss nokon å slå oss saman med, ser eg at Sauherad og Seljord passar bra. »

Samarbeid, ikkje samanslåing. Helge Fossheim trur på samarbeid, men ikkje på samanslåing av Bø, Nome og Sauherad. Foto: Gro B. Røiland

Helge seier nei

Helge Fossheim (57) fryk- tar for mange halvgode kompromiss i ein kom- mune samansett av Bø, Nome og Sauherad. Han kjem til å stemme nei.

Gro Birgitte Røiland
gro@boblad.no

Fossheim var ikkje nei-mann frå starten, da syntest han samanslå- ing var ein spennande tanke.

– Eg trur samarbeid kan ha mykje positivt i seg, men da må ein ha trua på at ein kan fram- stå som ei eining. Det trur eg me skal slite veldig med, seier Fossheim.

Sjølv om avstanden mellom Bø og Ulefoss geografisk ikkje

er stor, meiner han kulturskilna- den er stor nok til å skape samar- beidsproblem.

– Å presse seg på ein kommu- ne som ikkje ynskjer det, har eg lita tru på. Ulefoss har ein indus- trikultur som gjer at me kan ha vanskeleg for å forstå kvarandre. Eg fryktar at ein Midt-Telemark kommune kan bli ei større utgå- ve av Nome når det gjeld mot- setningar.

Det som skremmer meg er den store politiske friksjonen og ueinighetane eg aner at det vil bli. Det kan bli ein uholdbar poli- tisk situasjon viss ein ikkje får gjort noko fordi ein kranglar for mykje. Bø har vore skåna for det. Politikarane har vore samstemte og har våga å satse. Det har vore med på å skape framgang, seier Fossheim.

– Kan stå aleine

Han har større tru på ei saman- slåing med Seljord og Sauherad. Men han trur også at Bø klarer seg godt aleine.

– Er det nokon som kan stå aleine, ja så er det Bø. Men skal me finne oss nokon å slå oss saman med, ser eg at Sauherad og Seljord passar bra.

Fossheim jobbar som vakt- mester på Høgskolen i Sør- aust-Noreg, studiestad Bø. Han har registrert at leiinga ved høg- skulen ynskjer samanslåing for å ha ein sterk vertskommune i ryggen.

– Høgskulen er kjempeviktig. Men skulen er i svært god for- fatning i dag, og det har me klart med Bø slik kommunen er nå, seier Fossheim.